



Bli med som kontrollør på Europameisterskap i fluefiske !

Vi ynskjer di hjelp som kontrollør på det Europameisterskapen i fluefiske som vi skal arrangere i Førde, Jølster og Gaular frå 21. – 28 august.

Vi treng di hjelp – OG: Dette blir moro – Lenger ned på sida kan du sjå meir kva vi også kan tilby deg som kontrollør.

Målet vårt er like stor deltaking som på EM i Slovenia i fjor der det deltok 19 nasjonar frå heile Europa. Vi veit jo ikkje om vi klarar det. Det er dyrare og vanskelegare å komme hit. Men målet står der. Får vi så mange deltakarar treng 80 – 90 kontrollørar. 10 – 15 av dei har vi allereie på plass gjennom ein avtale med 2 klassar på Mo og Jølster vidaregåande skule.

Så no treng vi berre DEG !

Kontrollør på EM fluefiske 21. – 28.august 2007.

Vi treng nokre kontrollørar i det offisielle prøvefisket, som føregår onsdag 22. og torsdag 23 august. Så er det vi treng alle kontrollørane dei tre konkurransedagane: Fredag 2 økter, laurdag ei økt, og søndag to økter.

Vi kan tilby deg:

Opplæring som kontrollør:

1. økt opplæring i det å være kontrollør – mandag 14.mai – kl.19.00. Eit par timar med Frank Pedersen, som går gjennom reglane, men som også brukar nokre minuttar på sine store kunnskapar som fiskar. Han er tidlegare deltakar på landslaget og Noregsmeister.

2. økt opplæring – mandag 20 august – kl.19.00 – like før det brakar laus friskar vi opp att reglane.

Å vere kontrollør går, kort sagt, ut på: Å måle lengda på fisken, og føre dette på eit skjema. Ein kontrollør passar på ein fiskar. På båtøktene er kontrolløre roar, samt passar på dei to fiskarane i båten.

Fluefiskekurs:

Eit kurs i ”korleis bli ein fluefiskar i verdsklasse”. **Laurdag 25.august kl.15.00 – 17.00.**

Kurset er gratis for alle som er med som kontrollørar. Pris for andre kr. 2.300.-

Å bli ”fluefiskar i verdsklasse” består av mange element. Eit av dei er sjølve kastteknikken. Her har vi fått på plass ein av Noregs beste fluekastarar og fiskarar: Mathias Lilleheim.

Opprinneleg frå Stryn, men arbeider no på Toppidrettseneter i Oslo, m.a. med idretten Casting. Men minst like viktig: Ein av dei norske eller internasjonale toppfiskarane kjem til å gå inn på: Korleis ”lese” eit vatn. Korleis finne ut kva agn som skal brukast. Dette blir garantert god, ny, og inspirerende kunnskap for fiskeinteresserte.

Gratis lunsj kvar dag – gratis overnatting til tilreisande kontrollørar:

Her vil lokale leverandørar lage lunsj basert på lokale råvarer og spanande menyar. Vi vil gje dei utanlandske gjestene noko ekstra. Same lunsjen får sjølvsagt kontrollørane. For tilreisande kontrollørar tilbyr vi kost og losji frå torsdag kveld til søndag. Om ein ynskjer å komme før, t.d. for å fiske er det sjølvsagt heilt ok. Men då må ein dekke det sjølv.

Være med på noko spanande:

Det er spanande konkurransar med utøvarar som verkeleg går inn for saka – og som KAN fiske. Det er ein fordel – men absolutt ikkje noko krav – å snakke litt engelsk. Ein som har vore med som kontrollør tykte nettopp dette var kjekt. Treffe folk frå andre land, og praktisere litt ”rusten engelsk”. **OG:** Du får vanke saman med verdas beste fiskarar !!

Flotte premiar vert trekt bland kontrollørane:

Vi har allereie tilsegn om flotte flugestenger, eit døgn laksefiske, årskort for fiske, og fleire andre flotte saker som vi trekkjer mellom dei som er med som kontrollørar.

Gratis bankett:

Og sist men ikkje minst – vi inviterer alle kontrollørar gratis på bankettmiddagen !

Linkar til EM sidan, www.effc.no

Linkar til NKFF, www.nkff.net

Høres dette spennande ut kan du ta kontakt med for nærmare informasjon.

Tom Farsund
Marit Hjortung
Frank Pedersen
Knut Braaen

Tlf: 57721950,
Tlf: 57721951,
Tlf: 97547458,
Tlf: 95041777

tom@sunnfjord.no
marit@sunnfjord.no
frankfly@online.no
bkbraaen@online.no